



Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1214 - 17/22125

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.08.2017

Løyve til oppføring av tilbygg og ombygging - gbnr 137/320 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 363/17

Tiltakshavar: Erlend Nævdal
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 137/320 med bygd areal (BYA) oppgitt til ca. 29 m². Tiltaket omfattar også mindre fasadeendringar, innbygging av altan, endring frå tilleggsdel til hovuddel i kjellar og etablering av terrengmurar i samband med omlegging av tilkomst til bustaden. Utnyttingsgrad er opplyst til 10,9 % BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.04.2017, med tilleggsdokumentasjon og reviderte teikningar mottatt 17.07.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.08.2017 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund er avsett til byggjeområde for bustadar. Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med planen og krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 18.06.2017.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 6,2 meter.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket medfører inga endring av eksisterande situasjon.

Eigedomen er tilknytt offentleg vassverk og har privat avlaupsløysing.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket medfører inga endring av eksisterande situasjon.

Eigedomen har tilkomst til privat veg som er opparbeidd og open for allmenn ferdsel.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal som hovudregel prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5. Det er søkt om fråvik frå tekniske krav i byggtknisk forskrift, TEK 10, jf pbl § 31-2, for krav til tettelek, varmeisolering og energiramme, jf § 14-2.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Tekniske krav til byggverk

Kommunen har vurdert søknaden om fråvik frå tekniske krav sett i byggtknisk forskrift TEK 10 og finn at vilkåra for å fråvika tekniske krav til byggverk er oppfylt.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av tilbygg, murar, fasadeendring og ombygging på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 18.06.2017 revisjon F, jf pbl. § 29-4,**

jf. SAK § 6-3.

2. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om, jf SAK 10 § 9-3.
3. Det vert godkjend fråvik frå tekniske krav i byggt teknisk forskrift TEK 10 slik det er søkt om.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1214

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Catherine Elizabeth Anders
Erlend Nævdal

Nedre Alver 17
Nedre Alver 17

5911
5911

ALVERSUND
ALVERSUND

Mottakarar:

Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS